



## INNHALD

Ordføraren ..... 2

Ny folkehelsekoordinator ..... 4

Bli aktiv du også ..... 5

Nye volontører i Fjaler ..... 7

Seniorsurf ..... 10




Symjeklubb for store og små ..... 13

Bowlingtur til Førde ..... 16

Klippe, klippe ..... 17



# Dalsfjordbrua endeleg opna!



*Vi skal feire brua vår*

*Alle mann skal ut å gå*

*For alle vil vel ut å sjå*

*Når vi skal feire brua vår*

*Så ta på deg hatten eller ta på deg hua*

*Vi skal gå ut på Dalsfjordbrua*

*(Utdrag frå opningsongen ved den offisielle opninga av Dalsfjordsambandet 14. desember 2014.*

*Tekst: John Trygve Mulhearn Evensen, lærar ved Dingemoen skule)*

## Gode fjalerbuar!



Ordførar  
ARVE HELLE

Tlf. 57 73 80 52  
Mobil 917 37 562

Epost:  
arve.helle@fjaler.kommune.no

Ordføraren er å treffe i skranken  
på sørviskontoret første onsdag  
kvar mnd. kl. 08.30-11.30

FJALER KOMMUNE  
Pb. 54, 6961 Dale i Sunnfjord  
Tlf. 57 73 80 00 / Faks 57 73 80 01

Besøksadresse: Sørviskontoret,  
Fjalerhuset i Dale

post@fjaler.kommune.no  
www.fjaler.kommune.no

Teknisk vakt: tlf. 951 83 515

Arbeidstid i Fjalerhuset/  
på Helsetunet:  
I tida 15. sept. til 14. mai:  
kl. 08.00 – 15.45  
I tida 15. mai til 14. sept.:  
kl. 08.00 – 15.00

Ventetida er over!

Etter fleire tiårs kamp kan ein endeleg køyre ferjefritt mellom Askvoll og Fjaler. Vi gler oss over den store feiringa av Dalsfjordsambandet.

No er det opp til oss sjølve å vise at vi gjennom godt samarbeid kan utnytte dei muligheter sambandet gjev oss, og i fellesskap sørge for at både næringsliv, kulturliv og busetnad på begge sider av fjorden blomstrar i åra framover. Eg er overbevist om at vi skal få det til og eg gler meg til om nokre år å seie til skeptikarane til dette kontroversielle prosjektet; Sjå her kva vi har fått til! De tok feil!

Sjolv om opninga av Dalsfjordbrua naturleg nok har fått det meste av merksemd siste tida, så må vi heller ikkje

gløyme andre viktige milepælar i andre delar av kommunen.

For nokre veker sidan hadde eg den store gleda av å få gjenopne butikken på Hellevik etter at den har vore stengt i eit år. Takka vere ein formidabel dugnadsinnsats frå bygdefolket med Kåre Eiming og Anne Hopland i spissen har ein fått tilbake ein svært etterlengta møteplass i bygda. No er det berre å oppfordre bygdefolket om å bruke butikken flittig og dermed syte for at ein kan halde på dette viktige tilbudet inn i framtida.

Til slutt vil eg få ønskje alle fjalerbuarar ei triveleg førjulstid, ei riktig god jul og eit framgangsrikt nyttår!



Illustrasjon til boka «Ordklode» av Eva Meier. Sjå side 11

ANSVARLEG REDAKTØR:

Rådmann Ola Hovland, tlf. 57 73 80 55. E-post: ola.hovland@fjaler.kommune.no

REDAKSJON:

Ingeborg Tysnes, tlf. 57 73 80 44. E-post: ingeborg.tysnes@fjaler.kommune.no  
Kårhild Hustveit, tlf. 57 73 80 08. E-post: kaarhild.hustveit@fjaler.kommune.no  
Margrete Reisæter, tlf. 57 73 80 20. E-post: frivilligsentralen@fjaler.kommune.no  
Redaksjon avslutta 04.12.2013. Utgåver 2013: April - desember. Opplag: 1300

Informasjonsbladet BRUA er gratis og vert fulldistribuert til alle husstandar i Fjaler og til utflytte fjalerbuarar etter nærare avtale. Ta kontakt med sørviskontoret, tlf. 57 73 80 00.

Utforming: Findriv AS. Trykk: IHP

## PERSONALNYTT



Benedikte Eide Ljøen



Kjersti Valvik

Maria Katarzyna  
Orłowska-Miksa

- **Anne Erstad** er tilsett som rektor ved Våge skule
- **Torkel Sjølingstad** er tilsett som lærar ved Våge skule
- **Kjersti Valvik** er frå 18.11.2013 tilsett som leiar for Bistand og omsorg etter Anita Hustveit Zadig, som sluttar 31.12.2013.
- **Ann Cecilie Viken** er tilsett som sjukepleiar i BIO, arbeidslag 5
- **Heidi Roos** er tilsett som lagleiar i BIO, arbeidslag 2
- **Janne Øksenberg** er konstituert som lagleiar i BIO, arbeidslag 5 frå 01.01.2014 til 31.12.2014
- **Iris Johannsdottir** er tilsett i 100% stilling som helsefagarbeidar i BIO, arbeidslag 1
- **Maria Katarzyna Orłowska-Miksa** er tilsett som sjukepleiar i BIO, arbeidslag 5
- **Ingrid Bjergene** er tilsett som sjukepleiar i BIO, arbeidslag 1
- **Benedikte Eide Ljøen** er tilsett som konsulent i Hafs interkommunale barnevern.
- **Elisabeth Ullebø** er tilsett som konsulent i Hafs interkommunale barnevern
- **Kristin Rivedal Yndestad** er tilsett i 100% stilling som folkehelsekoordinator. Ho tok til i stillinga 01.10.2013
- **Silje Totland Jensen** er tilsett i 100% stilling som ergoterapeut. Ho tek til i stillinga 01.01.2014

**Lise Johanne Hugøy**  
bestod fagprøven som Barne- og ungdomsarbeidar fredag 14.06.13.  
Ho har vore knytt til Yksnebjør barnehage.

## Knit together

KNIT TOGETHER

LEARN CREATE SAVE THE WORLD

Målet med prosjektet «Knit Together» er å binde studenter saman på skulen med eit felles mål – å strikke og selje produkt for å skaffe pengar for ei god sak. For å oppnå dette, lagar vi eit strikkehjørne i kantina og strikkar i fellesskap. Elevane brukar garn og strikkepinnar som vi har fått av butikkar og privatpersonar gratis. For elevar som ikkje kan strikke, men ynskjer å lære, arrangerer vi også eit strikkekurs og ulike andre opplegg som vi trur kan føre til eit vidare samarbeid med RCNUWC. Dersom de har garn eller strikkepinnar som prosjektet kan få, kontakt meg på:

e-post:knittogetherdale@gmail.com  
eller på SMS 469 19 677.

På førehand stor takk!

Helsing volontør Matthias



Første strikkekafe var 26. november på Dale vgs. Hjarteleg takk til Coop og Fjaler Profilerer for garn!

## RÅDMANNEN HAR ORDET

## Med ein fot inn i framtida

Rådmann Ola  
Hovland

Innhaldet i denne utgåva av Brua omhandlar det vi er mykje opptekne av, framtidig utvikling av Fjalersamfunnet. Utanom tenesteproduksjon og forvaltningsoppgåver, prøver vi å legge forholda til rette for ei positiv samfunnsutvikling og nå mål om vekst i folketalet. Dette er viktig for å kunne oppretthalde tenestetilbodet og kunne jobbe med samfunnsutviklingstiltak.

Den grunnleggande føresetnaden for å lykkast er samarbeid og samhandling og der alle bidreg og er med å tek ansvar. Vi lever i ein tidsepoke der vi aldri har hatt det betre når det gjeld tilgang til tenestar og materielle gode. Kommunane har dei siste åra fått tilført nye oppgåver, mellom anna gjennom samhandlingsreform og klimaar-

beid. For å løyse oppgåvene og nå måla er ein avhengig av at alle bidreg. Dette er ein flinke til i Fjaler. Gode døme på dette, siste året er kommuneplanarbeidet og folkehelsearbeid. Deltaking på folkemøte og engasjement har vore mykje betre enn ved tidlegare planprosessar.

Kommunen har ei viktig oppgåve i å legge til rette for betring av folkehelse, men det er den einskilde sitt ansvar å ta vare på eiga helse. Opparbeiding av turstiar i Fjaler er eit godt døme på god samhandling mellom kommune, fylkeskommune, grunneigarar og stor dugnadsinnsats frå frivillige lag og organisasjonar. Dette engasjementet og samarbeidet er heilt avgjerande og utruleg viktig å ta med seg i vidare arbeid i åra som kjem. Med opning av Dalsfjordsambandet opnar det seg nye muligheter som kan vere med å danne grunnlag for framtidig vekst i Fjaler og i HAFS området.

# Ny folkehelsekoordinator

Eg heiter Kristin Rivedal Yndestad, og jobbar som folkehelsekoordinator i Fjaler kommune. Då denne stillinga vart utlyst budde eg i Oslo og jobba som støtteassistent i ein barnehage der. Sambuaren min Bjørn Klausen og eg var ganske sikre på at vi ville heim etter kvart, så når eg fekk tilbod om jobb vart det til at vi flytta tilbake til Askvoll. Eg kjem opphavleg frå Stongfjorden, men skal no bu i Holmedal. Å pendle til Dale no når brua kjem blir veldig greitt! Før eg flytta til Oslo studerte eg fem år på Høgskulen i Bergen. Der tok eg først ei bachelorgrad i Folkehelsearbeid og deretter ei mastergrad i Samfunnsarbeid. Oppgåva eg skreiv her handla om eldre sjukeheimsbebuarar si deltaking i felles aktivitetar, eit tema som har interessert meg.

Viktige stikkord for ein folkehelsekoordinator er helsefremjande og førebyggjande arbeid. I det ligg å fremje faktorar som har god innverknad på helsa, og førebyggje det som kan gje sjukdom. Planlegging, organisering og gjennomføring av tiltak for å betre helsa til ulike grupper står sentralt i jobben, både på individ- og gruppenivå. Sidan eg byrja i jobben 1.oktober har eg blant anna jobba med å få i gong Frisklivssentral i Fjaler. Det er eit konkret tiltak i kommunen for å fremje helse og førebygge sjukdom. Her kan ein få hjelp til å endre levevanar knytt til kosthald og fysisk aktivitet. Om du er interessert i ein samtale kring dette kan du ta direkte kontakt med oss, eller få tilvising til dømes frå lege eller NAV.

I tillegg skal eg jobbe med å utvikle folkehelsearbeidet i Fjaler på eit meir strukturelt nivå. Det vil seie at eg skal identifisere utfordringar når det gjeld folkehelse i kommunen, og setje i gang aktuelle tiltak i forhold til problemområda. Å samarbeide på tvers av sektorar og tenester, og koordinere den førebyggjande innsatsen i kommunen er viktig for å lukkast i folkehelsearbeidet. Sidan arbeidet gjerne er langsiktig og førebyggjande er det utfordrande å måle nokon direkte effekt av arbeidet, men det er sikkert at det kostar meir å reparere enn å førebyggje!

Å flytte heim har so langt berre vore positivt. Eg har ikkje sakna bylivet noko særleg, og ser at det er enklare å vere



*Kristin Rivedal Yndestad er tilsett som ny folkehelsekoordinator.*

*Foto: Ingeborg Opdøl Tysnes*

aktiv på dei måtane eg likar her heime. Det eg gler meg mest til er å få gå meir på tur i fjellet, overnatte på stølen og padle i havet. Og no når Brua kjem er det jo fort gjort å køyre til Bergen for litt byliv.

*Kristin sit på kontor kvar torsdag på helsetunet i same avdeling som fysioterapien og helsestasjonen – berre litt lenger inn i gangen. Det vil verta skilta.*

*Du kan komme utan henvisning på kantoret til Frisklivssentralen på torsdagar mellom 09.00-15.00, men ring gjerne på førehand på tlf. 57 73 81 03 / 47 61 68 69.*

## Fjaler pensjonistlag

kan melde om møtedatoar i 1. halvår 2014:

4. januar: **Juletefest**

12. februar: **Årsmøte**

12. mars • 9. april • 14. mai

12. juni: **Sommartreff** for pensjonistar i operahuset på Eid.

## Gratis strøsand

*No er vi inne i sesongen for glatte vegar og fare for fall! Tenk førebyggjande og hugs at ein kan hente gratis strøsand til private hushald ved driftsentralen sitt bygg i Trolleskaret i Dale! Betongbygget med sand ligg ope slik at ein kan hente sand når det passar.*

*Brua er lang og stor  
Brua ho står på jord  
Brua er festa i fjellet  
for vi høyrde smellet*

*- Herman Skadal*

# Bli aktiv du også!

Kvar dag, kvar time og når det passar deg kan du gjere underverk for eiga helse i Dingemoen treningssenter. Senteret har vore oppe i vel 2 månader og unge på 15 år trenar side om side med dei på 70. Eit felles mål om å bli i litt i betre form enn før er drivkrafta uansett alder. Instruktørane i treningssalen kan hjelpe deg å lage program utifrå dine mål og ønskjer. På spinninghemsen kan kondisjonen betrast enten ved å delta på ein av timane med instruktør eller ved eigentrening. Det er ingen tvil om at trivselen i senteret er høg, det delast villig ut ros og smil når folk sveittar og tek i.

På nettsida til Dale IL kan du bestille instruksjonstimar eller melde deg på spinning. I nettbutikken kan du kjøpe treningskort og betale treningsavgift.

[www.daleil.no](http://www.daleil.no)

No nærmar jula seg og dei fleste spekulerer og grublar på kva dei skal gje vener og familie til jul.

**Gje eit treningskort!**

Prisar: Pr mnd kr 300,- Pr år kr 2000,-  
Nøkkelt kort kr 150,- (ingangskjøp)



**Viktig melding:** Dei som gav kr 2000 til treningssenteret må kjøpe seg årskort før 31.12 for å få rabatten på 500 kroner! For å få rabattkode ta kontakt med Marit Øen på epost: [marit.oen@gmail.com](mailto:marit.oen@gmail.com)



Sigvard «Sillan» Skaar har snart formen inne.



Balansekunst.



Stor aktivitet og tendensar til kø.

Alle foto: Linda Hovland

# Ungdommens kommunestyre 2013/2014

Ungdommens kommunestyre (UK) i Fjaler skal gjere det mogeleg for ungdommar å oppretthalde aktivitetar, utvikle interesser og starte eigne initiativ.

Dei skal mellom anna

- Vere kontaktledd for elevråda i kommunen og ungdomsorganisasjonar
- Tildel midlar ut ifrå UK sine retningslinjer for særlege ungdomstiltak
- Vere høyringsinstans for kommunen i dei saker som vedkjem dei unge
- Vere eit bindeledd mellom ungdommen og kommunen der dei unge kan uttrykkje seg og utviklast politisk

Astrid Ardagh og Thea Solbakken Sæterdal representerer United World College og er valt til høvessvis ordførar og varaordførar. Men Martine Håland representerer Dale vidaregåande skule og er valt til skrivar. Desse tre er utgjerd arbeidsutvalet.

I tillegg sit Lise Marie Lone Øvrebøe og Ingunn B. Hofland frå Dale vidaregåande skule, Tormod Arstein og Lene Helle Furset frå Våge skule og Tuva Garre-Fivelsdal og Margrete Haugen Svardal frå Fjaler ungdomsskule

Foto:Siren Juliussen



Frå venstre: Ingunn B. Hofland, Lise Marie Lone Øvrebøe, Lene Helle Furset, Tormod Arstein, Thea Solbakken Sæterdal og Astrid Ardagh.



Ungdommens kommunestyre jobbar med samfunnsdelen av kommuneplanen.



UWC Røde Kors Nordisk (UWCRKN), i Fjaler er ein internasjonal skule der 200 elever fra meir enn 90 land bur og studerer i lag. Dei fleste er i aldersgruppa 16-19 år. Av og til er det fint for dei å kome bort frå skulen for å knyte nye band.

Har de lyst til å vere  
**vertsfamilie**

for ein eller fleire av våre elevar?

Vertsfamilieprogrammet gjev både vertsfamiliar og studentane høve til å få meir kunnskap om kvarandres kultur og levemåte. Ein treng ikkje vere norsk for å melde seg på, men ein må kunne kommunisere enten på norsk eller på engelsk.

Kvart år sett vi av tre helger i haust- og tre helger i vårsemesteret.

Den førstkomande helga er

**27. – 29. september 2013**

(Det er mogeleg å avtale noko anna. Skulen ordnar transport.)

Om de er interesserte, ta kontakt med UWCRKN,  
vertsfamilie-koordinator  
Barbara Adu-Badu, tel. 5773 7000;  
epost: [nc95btoa@staff.rcnuwc.no](mailto:nc95btoa@staff.rcnuwc.no)  
eller Hildegunn Arstein 5773 7098;  
epost: [nc12hbar@staff.rcnuwc.no](mailto:nc12hbar@staff.rcnuwc.no)



# Nye volontører i Fjaler

*Fire nye volontører er på plass i volontørhuset på Øyra i Dale. Her er det internasjonalt miljø med fire ulike nasjonar som trivst godt i lag. Kva dei heiter, kor dei kjem frå og korleis dei likar seg kan du lese meir om her:*

## Olga

Eg heiter Olga og kjem frå ein liten stad nord i Hellas. Eg er 29 år, har ein bachelor i Balkanstudier og ein master i antropologi/etnologi. Her i Dale arbeider eg mest i Yksnebjør barnehage, på Vevang dagsenter og på Dale vidaregåande skule, på Open skule.

Eg har størst forventning til korleis eg skal bli vant med den norske leve-måten som eg tykkjer er svært ulik den eg kjenner heimanfrå, det å bli kjend med lokalmiljøet og vere ein del av det. Til no vil eg seie at dette går veldig bra og eg trivst svært godt og er glad for å vere her i Dale!

## Juan Carlos

Eg heiter Juan Carlos, er 27 år, kjem frå Valencia i Spania, men er fødd i ein liten by i Andalusia. Eg har studier i opplevingssport og utandørs aktivitet og ein bachelor i drama.

Mine interesser er lesing, lytte til musikk, danse og sport, spesielt utandørs som sykling, løp og handball. Eg vil lære meg korleis Noreg er. Ikkje berre historie, men om livsstil, energi, store og små likheiter og forskjellar samanlikna med kor eg kjem frå – eg vil gjerne oppleve denne delen av Europa. Eg elsker det nye veret, å arbeide med ungar i barnehagen og på skulen. Eg kjenner på meg at denne staden gjev meg god energi!

## Camille

Eg er Camille, 21 år og frå Frankrike. Eg studerer litteratur, så du vert nok ikkje overraska over å finne meg på biblioteket i Dale. Men eg er også i

barnehagen på Yksnebjør og i kantina på ungdomsskulen. Eg er også med på hel-sebading med utviklingshemma på Haugland. Så det er ikkje tid til å kjede seg!

Den frivillige tenesta mi er ei fantastisk erfaring og Dale er slik ein kjekk plass å bu! Kvar morgon beundrar eg det utruleg flotte landskapet når eg går på jobb og eg trivst svært godt med mitt norske liv til no!!

## Matthias

Eg er Matthias, er 20 år og kjem frå ein liten by i Tyskland. Eg kom hit etter at eg var ferdig med vidaregåande for å vere volontør på Dale vidaregåande skule. Eg hjelper til i kantina, eg er ein «samtalepartner» i tysktimar og organiserer ulike aktivitetar med elevane som «Open skule».

Oppgåvene gjer til at eg har ein svært variert timeplan og at eg møter mange hyggelege og interessante folk. Å gjere ein innsats som er nyttig og bli sett pris på, er den viktigaste motivasjonen min for året i Dale. Eg ser fram til å få nye vener, bli betre i norsk og utføre det personlege prosjektet mitt på skulen.

**Europeisk Volontørtjeneste** er ein del av Aktiv Ungdom som er EU si støtteordning for ungdomsprosjekt. Frå 2014 held denne ordninga fram som ein del av EU sitt nye program for ungdom, utdanning og sport, **Erasmus+**.

## AKTIV UNGDOM



Education and Culture DG

'Youth in Action' Programme



*Frå venstre Camille, Juan Carlos, Olga og Matthias.*



*Alle volontørane hjalp til på den store hospiteringsdagen på Dale vgs.*



*Miljøkoordinator Berit er ein viktig medspelar for voluntørtjenesta på Dale vgs.*

*Foto: Margrete Reisæter*

# Team Sputnik

Team Sputnik er ei turgruppe som fram til no har vore ein fin blanding frå dei ulike arbeidslaga i BIO og som er med på å gjere folk sosiale og aktive i eininga. Vi er på facebook der vi legg ut informasjon om dei neste turane og der bilete fortløpande vert lagt ut etter kvar tur. Tiltaket har fungert godt og vi har hatt godt oppmøte på samtlege av turane. Aktiviteten på facebook er heller ikkje å kimse av faktisk:)

Vi legg turane rundt omkring i kommunen og har til no

heldt oss til torsdagar. Til våren vil vi freiste arrangere turar som krev litt meir organisering som t.d. til Storehesten og Helleberget.

PS Ein skal ikkje sjå bort frå at Team Sputnik kan engasjere andre delar av dei kommunalt tilsette om det skulle vere interesse.

Som ein ser på bileta, har veret ingenting å seie!



Frå Hålandsnipa.



Frå Einigsfjellet.



Frå Steiestølen.



Frå Einigsfjellet.

Alle foto: Team Sputnik

## Tilsette vert oppfordra til å bruke naturen

Som eit folkehelseiltak innad i Fjaler kommune vart det delt ut gratis turkart for Fjaler og Hyllestad til alle tilsette i kommunen. Utgangspunktet for dette var at fysisk aktivitet er ei kjelde til overskot, helse og trivsel. Personar som er fysisk aktive melder om betre humør og auka livskvalitet samanlikna med personar som er lite aktive.

Som ei gulrot i tillegg til gratis turkart til alle, så er det mogeleg å vinne gåvekort på sportsbutikken Alf Salbu dersom ein har klart å gå minst 10 turar over tre kilometer frå august til og med november. Har ein klart å få 30 turar i perioden så er ein med i trekkinga av 6 gåvekort.

Dette tiltaket har vorte godt tatt imot blant dei tilsette og det er spennande å sjå om det har vore nokon effekt.



## Samfunnsdelen i kommuneplanen – er du høyrtd?

Etter plan- og bygningslova skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. I Fjaler har vi utarbeidd samfunnsdelen og den låg ute til offentlig ettersyn fram til 27.11.13. Samfunnsdelen skal deretter reviderast før den vert endeleg vedteken i kommunestyret.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal omfatte langsiktige utfordringar, mål og strategiar for samfunnet og kommunen som organisasjon. Fjaler kommune ynskjer at samfunnsdelen skal vere ein aktiv plan som ein kan nytte som verktøy i den daglege sakshandsaminga og samfunnsutviklinga. Vi ynskjer og at samfunnsdelen skal utgjere ein mest mogleg heilskapleg omtale av Fjaler kommune.

Planprosessen for 2013/2014 legg opp til stor grad av involvering og medverknad frå innbyggjarane i planarbeidet. I samband med oppstart av kommuneplanarbeidet våren 2013 vart det gjennomført folkemøte på tre ulike stader i kommunen, der ein fekk innspel på til saman åtte ulike tema gjennom gruppearbeid. Alle folkemøta hadde god oppslutning.

Vidare har vi halde møter med arbeidsgruppa for samfunnsdelen som består av politiske representantar og tilsette i kommuneadministrasjonen. Innafor dei enkelte fagfelt har tenesteleiarar, Fjaler Næringsutvikling (FNU) og andre med nøkkelposisjonar blitt inkludert i arbeidet. Dokumentet er såleis eit samla resultat av lovpålagte tema, innspel frå innbyggjarar og politikarar, og faglege vurderingar.

Det overordna målet for Fjaler kommune omtala i samfunnsdelen, er å skape folketalsauke. Folketalet i kommunen har i løpet av 10 år blitt redusert med 3,25 %. Den største nedgangen er i aldersgruppa 6-15 år, og særleg den yngste delen av denne gruppa. I framskriving av folketalet ser

vi at gruppa 67-79 år aukar frå 2020 og følgjeleg vil gruppa over 80 år auke frå 2030.


Denne samansetninga og nedgangen i folketal er uheldig for kommunen sin økonomi og utvikling, og difor vil Fjaler kommune arbeide for å oppnå ein positiv folketalsvekst, særleg i aldersgruppa 20-40 år.

For å tiltrekke oss nye innbyggjarar vil vi satse på å ha ein grunnleggande god infrastruktur, tilgjengelege og attraktive tomter, eit rikt organisasjonsliv med allsidige kultur- og fritidstilbod, gode skular og barnehagar i nærmiljøet, og ikkje minst interessante arbeidsplassar.

Det er svært låg arbeidsløyse i kommunen, (om lag 1 %) og fleire av dei største verksemdene har hatt ei positiv utvikling og auke i tal arbeidsplassar dei siste åra. Det gjeld særleg innan kunnskapsarbeidsplassar, til dømes i Enoro (tidlegare Elis) og blant selskapa på Haugland. Den største veksten i arbeidsplassar dei komande åra er forventa å komme i tilknytning til Lutelandet. Det vert også viktig å bygge vidare på dei områda der kommunen skil seg ut og tilfører noko ekstra til samfunnet – som til dømes innan kunst- og kulturnæringa.



Storelva i Dale sett frå kajakken.



Kva skjer når Dalsfjordbrua opnar?

Foto: Siren Juliussen

## Notisbok, Ipad eller pc?

Ti seniorar var samla i kommunestyresalen 23. oktober. Høgt oppe på veggeng heng dei gamle ordførarane (ja nokon ikkje riktig så gamle rett sagt) og kikkar ned på oss. Kva i allverda er det dei snakkar om?

Tema på Seniorsurfdagen var kommunen si nettside og korleis finne fram på den. Vi har ei av dei beste i landet, men likevel kan det vere godt å få rettleiing og tips på kor saker og ting er plassert. Rådmann Ola Hovland og vi tre i web-portal gruppa til kommunen, Elin Ullebø Ulvik, Kårhild Hustveit frå Sørviskontoret og Margrete Reisæter frå Frivilligsentralen informerte. Kor kan ein lese postlister, sakspapir og møteprotokollar? Kalenderen «Kva skjer» - her er alt som skjer i kommunen samla, kor er søknadsskjema for td bålrensing og korleis kan eg ta kontakt med kommunen om det er noko eg ikkje er nøgd med eller som eg er veldig nøgd med! ?

Fleire tema kom fram som vi vil ta opp på eit seinare møte, så følg med! Nedlasting av program, oppdatering av program, registrere seg på facebook og origo var noko av det som vart nemnt. Til neste møtet skal alle ta med seg si maskin, sitt brett og vi vil invitere personar / fagfolk som kan fortelje meir om dei tema vi vil ta opp.

Alle fekk utdelt hjelpeheftet frå Seniornett. Dale bygdekvinnelag arrangerer også på denne tid for 3. gong datakurs med lærar for seniorarar på Dale vgs. No veit

vi også at Tunkaféen i Dale ønskjer seg trådløst nett. Så ikkje kom her å seie at pensjonistar ikkje vil vere på nett!

Arrangør var Fjaler kommune v/ Frivilligsentralen.

PS Send ein epost til: frivilligsentralen@fjaler.kommune.no om du vil vere med på neste møte!



To alvorlege menn på seniorsurf: Andreas Ramstad (notisbok) og Olav Hovland (pc).

Fotograf: Margrete Reisæter

## Referansegruppe for nasjonale prøver

Representantar frå Fjaler kommune er med i Utdanningsdirektoratet (Udir) si referansegruppe for å utvikle nasjonale prøver. Dei andre kommunane som er med er; Moss, Gjøvik, Asker, Oslo, Harstad. Representantar frå Steiner-skolen er òg med.

Rådmann Ola Hovland, inspektør Eli-Terese Sande og rektor Ingvard Flekke er Fjaler sine folk i gruppa.

### Kva er nasjonale prøver, og kvifor har vi nasjonale prøver?

Nasjonale prøver skal vurdere korleis skulen lykkast med å utvikle dei grunnleggjande ferdigheitene til elevane i

lesing og rekning og delar av faget engelsk.

Dei grunnleggjande ferdigheitene er å kunne:

- uttrykkje seg munnleg
- uttrykkje seg skriftleg
- lese
- rekne
- bruke digitale verktoy

Prøvene skal komme til nytte for utviklinga til den enkelte eleven i samarbeid mellom lærar, elev og foreldre.

Nasjonale prøver skal gjennomførast på 5., 8. og 9. steget.

Udir arbeider for å gjere prøvene, prøvegjennomføringa og prøveoppfølginga stadig betre. Det er i den samanheng at vi er inviterte til å delta i arbeidet. Vår del kan vere å delta i utprøvingar og piloteringar av nye prøver, eller å komme med råd og innspel til Udir.

Les meir om nasjonale prøver på [www.udir.no](http://www.udir.no)

## ORDKLODE - poesiworkshop som vart diktbok

Jakob Sande-selskapet fekk i vår midlar til eit prosjekt knytt til tekstutvikling hos små born. Prosjektet heiter Ordklode og vi fekk forfattar Demian Vitanza i samarbeid med Miriam Prestøy Lie til å halde workshop rundt på alle barnehagane i kommunen. Målet med prosjektet har vore å inspirere barna si skaparglede og trong til å utforsking, gjere barna til stolte ordkunstnarar.

Barn har et leikent forhold til språk. Orda er flunkande nye, og kan fyllast med nytt innhald. Nokon gonger ligg det dei ynskjer å uttrykkje langt under overflata, og som voksen må ein vera ein aktiv for- tolkar for å forstå kva språkbileta betyr. Andre gonger kjem orda hulter til bulter, nokon gonger i jubel over at dei fins; så mange ord, med så ulike tydingar. Nokon barn synes ikkje at orda som tinga har fått passar, og finn på eigne. Nokon er kanskje helt stille, mens andre helst ikkje vil verta avbroten, og bruker utestemme inne.



Spente poetar.

Begge foto: Ingeborg Opdøl Tysnes



Demian Vitanza les opp dikt.

Språket rasar rundt i barnet før det set seg på plass, og slik liknar kanskje ungane sitt forhold til orda på diktaren sitt - som leiter etter sitt helt eige språk, for å uttrykkje sin helt egen unike tanke ?

Dikta som vart laga i Fjaler vart fyrste gong presentert på ei samling i Jakob Sande-løa i juni for born og foreldre. No ynskjer vi å gje desse dikta ut som diktbok. Dikta er fine i seg sjølv - men vi meiner at dei har fått eit ekstra løft ved av Eva Meier som er utdanna illustratør har laga eit bilete til kvart dikt.

Boka kan kjøpast på sørviskontoret til Fjaler kommune, Dale bok&leikar og Jakob Sande-selskapet.

### Eit hus

Eit grønt stort mannehus  
Ikkje så mange etasjar  
Der bur "jobbemannane"  
Dei held på med ingenting  
Står berre heilt stille  
Ser opp i taket  
Og tenkjer på stein  
Dei er heilt stille  
Har på seg røde kle  
Dei er fem stykker  
Alle ser opp i taket

# Kulturminneplan for Fjaler

## Kva er eit kulturminne ?

Spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet rundt oss.

Eit kulturminne er eit minne frå eldre tid, frå ein eldre kultur. Det kan vere ein gjenstand eller eit spor av noko menneska har skapt, som eit hus, ein båt, eit industrianlegg eller ein gravhaug. Men kulturminne treng ikkje vere noko konkret, det kan òg vere noko ein hugsar om tinga ein har rundt seg. Det kallar vi gjerne immaterielle kulturminne. Stadnamna våre er immaterielle kulturminne.

På mange måtar bestemmer kommunen sjølv kva som er viktig kulturhistorie for oss. Det fins ikkje ein alder som definerer kortid ting får ein slik status. Det er opp til oss som bur i Fjaler å bestemme kva som har vore viktig for vår utvikling.

## Registrering og kulturminneplan

Lokale kulturminneplanar er ei satsing frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på registrering og utvikling av lokale kulturminneverdiar. Målet med satsinga er å styrke kommunane i deira operative rolle på kulturminnefeltet. Fjaler kommune ynskjer å vera med på denne satsinga.

Arbeidet er todelt. Det eine er å bestemme seg for kva type kulturminne Fjaler ynskjer å konsentrere seg om. Kulturkontoret har hatt eitt møte med Fjaler sogelag og har vorte einige om at vi konsentrerer oss om gamle ferdselsvegar og skulehistoria i fyrste omgang. Dette tema har ikkje vore oppe til politisk behandling – så vi tek forbehold om at politikarane godkjenner desse.

## Gamle ferdselsvegar

I Fjaler har vi Den Trondhjemske postvei som ein viktig historisk ferdselsveg gjennom kommunen – men i tillegg ynskjer vi å setje fokus på dei mange andre ferdselsvegane som fanst. Korleis kom folk seg innover fjorden før riksvegen opna? Kva vegar brukte ungane til skulen? Dette gjeld både ferdselsvegar på fjorden og mellom grendene.

## Skulehistoria

Denne historia har vore viktig for utviklinga i Fjaler. Vi ynskjer å registrere gamle skulebygg og ein del viktige bygg rundt desse. Korleis var krinsane bygd opp før? Korleis var skulevegen?

Fjaler sogelag vil ha ein viktig funksjon i registrering av kulturminne. Men vi ynskjer også å engasjera skulane i kommunen og einskildpersonar. Alle kan registrere kulturminne! Gå inn på kulturminnesøk for å sjå kva kulturminne som er registrert i vår kommune.



Mellom gamle kommunehuset og gamleskulen på Tusenårsstaden.

Foto: Ingeborg Opdøl Tysnes

## www.kulturminnesok.no

Ta kontakt med kulturkontoret på telefon 57 73 80 44 eller epost [iot@fjaler.kommune.no](mailto:iot@fjaler.kommune.no) dersom du har lyst å vera med på dette arbeidet. Det vil verte arrangert kurs i korleis ein skal registrere over nyttår.

## Stoff til Fjaler sogelag si årbok

Kvar år gjev Fjaler sogelag ut sagehefte med stoff frå Fjaler. Dei ønskjer seg stoff til framtidige hefte ber om spalteplass i Brua for å formidle følgjande:

«Målet vårt er å få mange til å kome med sitt stoff eller sine opplevingar. Inga hending eller oppleving er for ubetydeleg. Det er heller ikkje noko hinder om du tykkjer at skrivning er vanskeleg eller at du ikkje er datakyndig. Det hjelper vi deg med.

I år feirar Sagelaget 70 år. Når Dale Senter held nattope, vil vi vere til stades og selje bøker til sterkt reduserte prisar. Dette vil halde fram i desember.»

Brua-redaksjonen veit at det er mange skriveføre og taleføre innbyggjarar i Fjaler. Del historiene dykkar med andre ! Ikkje vent ! Kontakt nokon i styret i Fjaler sogelag:

Oddvar Vassliås – leiar, Kjellaug Bjergene, Thora Havland, Knut Bakkebø, Egil Furenes, Jonn Helle

## Symjeklubb for store og små

Fjaler symjeklubb vart stifta 5. juni 2012 og vi ynskjer å vera ein symjeklubb for heile kommunen.

Føremålet til klubben er å drive med organisert trening for symjeinteresserte og fremje symjeferdigheiter for born og unge.

Vi tilbyr vasstilvenningskurs for born på ulike nivå:

**Babysymjing:** Irene Langeland er vår faste instruktør. Ho er utdanna førskulelærer, men har og utdanna seg som baby- og symjeinstruktør. Dette er veldig populære kurs og vi har babyar frå Naustdal, Gaular, Askvoll og Hyllestad i tillegg til Fjaler. Dette er eit tilbod som går frå babyane er 6 veker til dei er 12 månader.

Frå ungane er 4 år tilbyr vi **vasstilvenningskurs** på ulike nivå. Sidan det ikkje har vore klubb som har drive på denne måten før i Fjaler så har vi starta heilt frå botn, men målet er at vi etter kvart utviklar borna til å vera gode symjarar og at vi klarar å følgje opp med kurs etter kvart som ungane vert eldre.

**Vannmerket/Kvalmerket:** for born med liten erfaring med vatn frå før.

Dette nivået handlar om å bli trygg i vatn og gradvis lære seg å dukke etter leikar.

**Skilpaddemerket:**

for born som er komfortable med å ha hovudet under vatn og er klare for å lære seg å flyte.

**Pingvinmerket:**

fokuserer på å gli med linjehaldning og byrjande crawl-beinspark.

**Selungenmerket:**

Handlar om framdrift og ein byrjar å lære seg å symje



*Eline, Angelica, Leander, Elli, Harald og Maria.*

Begge foto: Irene Langeland

crawl både på magen og ryggen og vi øvar på å stupe. I storebassenget for born som er så smått symjedyktige eller klarar seg utan foreldra i bassenget.

I tillegg har vi fast bassengt tid ein time i veka, der symjedyktige ungdommar og vaksne kan komme og symje. Av og til blir det også høve for litt instruksjon.

Vi har veksla litt på dagane for trening, men etter jul freistar vi å etablera oss fast på mandagar. Fjaler symjeklubb har ikkje eiga nettside, men vi

ligg ute er på Facebook, for dei som ynskjer å følge oss der. Vi prøver også å nå heile kommunen med ranselpost og plakatar.



*Lovise Marie.*

### SYMJEAKSJONEN:

Gjensidigefondet har ein fast avtale med Norges svømmeforbund om at dei gjev støtte til klubbar som ynskjer å gje intensive kurs for born mellom 6 og 10 år. Fjaler symjeklubb fekk støtte til dette i 2013 og alle 6-åringane i kommunen, samt ein del born på SFO, fekk tilbod om 5-dagars symjekurs samt opplæring i fyrstehjelp og livredning fyrste veka i skulane sin sommarferie. Dette ynskjer vi å få inn som eit fast opplegg kvart år.

## Bu heime lenger: Søk midlar til å tilpasse bustaden din

*Dersom du treng økonomisk støtte til å tilpasse bustaden din for å halde fram med å bu der, kan du no søke kommunen om tilskot.*

Fleire eldre og personar med nedsett funksjonsevne ønskjer å bu heime i eigen bustad så lenge som muleg. Det er god samfunnsøkonomi i å tilretteleggje bustader på denne måten. Tilskot til tilpassing kan i mange tilfelle vere eit viktig verkemiddel for å få dette til.

Tilskotet er ei offentleg støtteordning som kan gjere til at du kan bli buande i bustaden din, sjølv om du har nedsett funksjonsevne. Det kan søkast om støtte til enkle tiltak, som å fjerne tersklar for å

få betre tilkomst, men også til større ombyggingar for å tilretteleggje bustaden etter brukaren si funksjonsevne. Familiar med funksjonshemma born er høgt prioriterte ved tildeling av tilskotet.

Kommunane vil ikkje bruke absolutte inntektsgrenser i slike saker. Den økonomiske behovsprøvinga skal gjerast ut frå ei totalvurdering av husstanden sin økonomiske situasjon på sikt, - etter at tilpassingstiltaket er gjennomført.

Kontakt NAV Fjaler, tlf 55 55 33 33.

*Jon Jorde trenar for å klare seg best mogeleg utan hjelp.*

*Foto: Ingeborg Opdøl Tysnes*



## Demensteam Fjaler kommune

*Demensteamet i Fjaler kommune er tverrfagleg og sett saman av sjukepleiarar frå dei aktuelle arbeidslaga og ergoterapeut*

Målet er å kome tidleg i gang med å utgreie personar som kan ha demens. Ved å kome fram til ein diagnose, vil ein og utelukke annan sjukdom og det vil gi moglegheit til å starte med tiltak både for brukar og pårørande. Det finst medikament som kan senke utviklinga av sjukdommen. Dagsenter, heimesjukepleie, praktisk hjelp i heimen eller korttidsopphald på sjukeheim kan vera aktuelle tiltak å søke om.

Demensteamet skal vera eit lågterskeltilbod, noko som vil seie at du kan ta direkte kontakt med oss. Alternativt kan du kontakte fastlegen som kan formidle vidare til Demensteamet.

Teamet tar kontakt med pårørande og avtalar eit heimebesøk der brukar, pårørande, ergoterapeut og sjukepleiar er med. På desse heimebesøka pratar ein frå teamet med brukar og ein annan med pårørande. Gjennom samtale med brukar vert det mellom anna gjennomført kognitiv kartlegging, samt at ein har ein gjennomgang på tryggleik i heimen. Saman med pårørande vert det snakka om både brukar sin funksjon og pårørande sin situasjon.

Kartleggingsverktøyet demensteamet brukar er utarbeidd

av Nasjonalt kompetansesenter for aldersdemens: Demensutredning i kommunehelsetjeneste.

I etterkant vert det skrive ein rapport som vert sendt til fastlege saman med kartleggingsskjema. Brukar, saman med pårørande, vert oppmoda om å bestille time hjå legen. Det er legen som stiller diagnosen.

Dersom ynskjeleg vil teamet vil følgje opp med å kontakte brukar og pårørande ein gang kvar 6. månad, eller etter avtale. Ein kan då høyre korleis det går og om det er ynskje om eit nytt heimebesøk.

Ta gjerne kontakt.

### **Kontakt informasjon:**

*Eli Tømmerbakke, Sjukepleiar arbeidslag 1*

*Tlf.: 57 73 81 46 (07.30-15.00)*

*Silje Jensen, Ergoterapeut (frå nyttår)*

*Tlf.: 57 73 81 16 (08.00- 15.30)*

*Nina Holmelid, Sjukepleiar arbeidslag 1*

*Hanne Ulvatne Igelkjøn, Sjukepleiar arbeidslag 2*

*Elisabeth Dfferdal, Helsefagarbeidar arbeidslag 5*

*Demenslinjen tlf.: 815 33 032*

*(Nasjonalforeningen for Folkehelsen)*

## Bistand og omsorg

### Endringar i betalingssatsar frå 01.01.2014:

I Stortingsmelding nr. 1 (Statsbudsjettet for 2014) er det lagt inn nye betalingssatsar for helse- og omsorgstenester som vil gjelde i alle kommunane frå nyttår. Dette er dei faste betalingssatsane gitt av departementet.

### Praktisk bistand for inntekt under 2G:

kr 180,- pr mnd. (gjeld også timepris)

### Dagopphald

kr 74,- pr dag

### Korttidsopphald

kr 142,- pr døgn inntil 60 døgn

- Betaling for praktisk bistand for husstandar med inntekt over 2G vert fastsett av kommunestyret. Dei som får vesentlege endringar i betalinga vil få eige skriv om dette.
- Korttidsopphald over 60 døgn og langtidsopphald vert fastsett etter forskrift om vederlag for kommunale helse og omsorgstjenester. Slike opphald vil få eit etteroppgjær når skatteoppgjæret ligg føre året etter opphaldet.
- Frå 01.01.2014 vert fribeløpet endra til kr 7.250,-
- 1G er frå 01.05.2013 kr 85.245,-. G vert regulert pr 1.mai kvart år.

Har de spørsmål til dette kan de ta kontakt med mot-takskontoret på tlf. 57 73 81 25.

### Distribusjon av Ditt Distrikt-katalogen

Har du reservert deg mot reklame? Då har du ikkje fått telefonkatalogen Ditt Distrikt. Sørviskontoret i Fjalerhuset har til utdeling!

Ca 35 % av husstandane har i dag reservert seg mot reklame. Dermed fell også Ditt Distrikt bort hjå desse.

For at også dei skal få katalogen, har Sørviskontoret fått nokre til utdeling. Lageret er lite, så det er lurt å vere tidleg ute. Kom innom!

## Meiningsfullt venskap



Å besøke folk er noko som gjev glede for den som kjem og den som får besøk. Mange eldre rundt i kommunen bur åleine og har lita moglegheit å komme seg ut. Det gjeld dei som bur heime, men også dei på institusjon. Du kan t.d. vere med den eldre på tur/ på arrangement, drikke ein kopp kaffi eller ta ein samtale over telefon om det høver best. Moglegheitene er mange.

Å bruke tid på dette er av stor verdi, ein kan gjere kvar-dagen til den eldre betre og den som kjem på besøk får mykje att.

Ein seier at den beste medisinen for eit menneske er eit anna menneske. Og det er mykje rett i det. Eit smil, ei oppmuntring, ei hand å halde i, ein god latter – ja, verdas viktigaste energikilde er faktisk gratis! Ein kan glede den andre berre ved å vere til stades og ein kan gjere noko meiningsfylt på ein enkel måte.

Frivilligsentralen vil koordinere innsatsen i nært samarbeid med Røde Kors, så det er berre å melde seg! Kor ofte kan ein avtale seg i mellom. Vi legg opp til felles informasjon for dei som melder seg.

**Dale senter, 3. etg Tlf 57 73 80 20**

**epost frivilligsentralen@fjaler.kommune.no**



Frå venstre Ingrid Bjergene og Jofred Åsnes frå Røde Kors, Margrete Reisæter frå Frivilligsentralen.

## Bowlingtur til Førde

Torsdag 17. oktober reiste 15 personar med buss til Førde på bowling.

Dette er ein årleg haust-tradisjon både for å bowle og ha det kjekt i lag. Kulturkontoret bidreg med å dekke reisekostnadane og det er vi veldig takknemlege for.

Det er mange som er dyktige til å få ned alle kjeplene og vinnaren på denne turen var Frank.

Etter at vi har bowla, kosar vi oss med pizza og drikke som vert bestilt frå bowlinghallen før vi reiser heim.

Fotograf: Karin Strand



«Kjekt på bowlingtur!» Frå venstre: Endre, Idar, Ann-Berit, Ingvild, Ivar, Sissel, Aud, Adrian, Jon Magnus, Frank, Pål og Dag



Adrian og Pål er gode på bowlingbana



Ingvild fekk strike to gonger.

## Aktivitetsrommet på Vevang

Ideen fekk vi i samband med prosjektpraksis frå to vernepleiar-studentar hausten 2012, Astrid Helen Eide og Monica Ekreskar. Dei ynskte å setje fokus på kosthald og fysisk aktivitet hjå unge med utviklingshemming. Saman med koordinator for funksjonshemma barn og unge, Karin Strand, arrangerte dei temakveldar og prøvde ut fjernsynsspelet Nintendo Wee. Ved å bruke sport- og aktivitetsspelet på Nintendo får ein trening som er lystbetont og motiverande og det er mogleg å konkurrere i lag med andre eller spele åleine.

På slutten av praksisperioden søkte Monica og Astrid Helen om midlar frå ulike lag og organisasjonar til prosjektet og fekk inn nok midlar til å kjøpe inn Nintendo Wee, lydanlegg, prosjektor og storskjerm. No er utstyret montert og teke i bruk og vi har samlast fleire kveldar i kjellaren på Vevang for å spele bowling, tennis, trene aerobic og danse zumba etter instruksjon frå

storskjermen. Vi har også fotballspel og bordtennis som kan brukast.

Dette er eit tilbod der ein kan gå saman i grupper og trene eller ein kan ha eit individuelt tilbod for dei som heller ynskjer det. Det er eit motiverande og godt tilbod som alternativ til andre treningstilbod i kommunen. Ingvild, Adrian, Endre og Pål gler seg til å samlast i kjellaren for trim og sosialt samvær framover!

### Vil du vite meir om dette tilbodet?

Kontakt Karin Strand på tlf 41 54 75 31

Takk til Fjaler Helselag, Lions Club, NFU og Sparebankstiftinga for støtte til dette prosjektet

Fotograf: Karin Strand



Ingvild, Adrian, Pål og Endre.



Ingvild og Pål.



**KLIPPE, KLIPPE...**

*Om du ønskjer å lese meir om dei ulike sakene, finn du dei på kommunen sine heimesider [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no): Lokalstyre - Møtekalender og saks-papir - ved å velje formannskapet eller kommunestyret frå møtekalenderen.*

**Konfirmasjonsundervisning i skule-tida**

Frå skuleåret 2014/2015 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå Kyrkjelova §36 om å drive konfirmasjonsopplæring i skuletida. Dette er med bakgrunn i Fjaler kommune si målsetjing om å vere ein open og inkluderande kommune.

**Fossen bryggeripub**

har søkt om utviding av tal plassar på uteserveringa i samband med påbygging av terrassen.

Dei har fått utvida tal plassar frå 25 til 40.

**Forliksråd 2011-2015**

Ingunn Vårdal er vald som medlem i forliksrådet resten av valperioden 2011 – 2015. Joy Elisabeth Taylor kunne ikkje stå i vervet grunna utanlandsk statsborgarskap.

**Smittevernplan for Fjaler kommune**

versjon 6.6.13 er vedteken i kommunestyret. Planen er ein revisjon av smittevernplanen frå 2004. Planen har vore utarbeidd av kommunelege med ansvar for smittevern Bjørg Aamot. Beredskapsgruppa for smittevern; Kommunelege, helsesøster, leiar for bistand og omsorg og sjukepleiar har godkjent planen. Planen er supplert med Pandemiplan i 2009. Du kan finne smittevernplanen på sak 13/363 på heimesida til Fjaler kommune.

**Rekneskap for Dingemoen idretts-park driftsselskap**

Årsmeldinga for 2012 er godkjend. Resultatrekneskapen syner eit positivt driftsresultat på kr 152 396,-. Overskotet er overført driftsselskapet sin eigenkapital.

**Årsmelding 2012 og rekneskap 2012 for Fjaler kommune**

Årsmeldinga er meint å skulle forklare rekneskapen, og vart lagd fram i samband med handsaming av årsrekneskapen før sommaren. Årsmelding og rekneskap 2012 vart godkjende i kommunestyret. Underskot i driftsrekneskapen på kr 1 790 773,94 er dekkja inn ved bruk av disposisjonsfondet. Underskot i investeringsrekneskapen med 952 792,5 er dekkja inn med låneopptak. Du kan finne Årsmelding 2012 på sak 13/197, og Rekneskap 2012 på sak 12/960 på heimesida til Fjaler kommune.

**Fjaler og Hyllestad bondelag**

Formannskapet har løyvt kr 35 000,- frå tilleggs-løyvingsposten til Mjølke- og storfe-prosjektet.

**TV-aksjonen 2013 –****Nasjonalforening for folkehelse**

Fjaler kommune løyvde kr 4000,- til TV-aksjonen. Varaordførar Marita Solheim var utpeika som leiar av kommunekomiteen. Med seg i komiteen hadde ho Harald Vik (AP) og Kjartan Åsnes (SP). Anne Marie Loneland frå administrasjonen var vald som sekretær.

**Nye retningslinjer for kommunal del-taking i tilsyn og vedlikehald av private vegar**

– gards- og grendevegar - har vore ute på høyring. Framlegget til endring i retningslinjene frå 1998 går på at Fjaler kommune ikkje lenger deltek i sommarvedlikehald av private vegar/gards- og grendevegar og at Fjaler kommune utfører snøbrøyting på gards- og grendevegar over 800 meter. Kommunestyret skal gjere endeleg vedtak.

**Sal av kommunale eigedommar**

I lys av dagens økonomiske situasjon og arbeid med innsparingar, finn rådmannen det naudsynt og sjå på kommunale eigedommar og dei verdiar og utgifter dei representerer.

Kommunestyret har valt ei styringsgruppe på tre personar til å førebu saka for kommunestyret. Nemnda har fått mandat til å vurdere sal av alle kommunale bygg som ikkje blir nytta i kjerneverksemd.

Medlemmar i styringsgruppa:

Roald Standnes (AP), leiar,  
Øystein Våge (SP)  
Marita Solheim (H)

Varamedlemmar:

1. Erling Hjelle (SV)  
2. Anette Traa (AP)

**Tenestepensjonsforsikring**

DNB avviklar si verksemd knytt til offentleg tenestepensjon. Kommunestyret har vedteke å inngå avtale med Kommunal Landspensjonskasse (KLP) om levering av tenestepensjon frå 01.01.2014. Slik markanden er i dag, er KLP einaste tilbydar av produktet.

**Framtidig organisering av reiselivs-arbeidet i HAFS**

Fjaler formannskap tilrår ein modell der stiftinga Jensbua vert avvikla og større resursar, ansvar og oppgåver vert lagt til Visit Fjordkysten. Kommunestyret vedtok at ordførar får fullmakt til å signere avtale mellom Fjaler kommune og Fjordkysten AS. Tilskot på kr 277.400 blir innarbeidd i budsjett for 2014. Det er ein føresetnad for inngåing av avtale at dei andre kommunane gjer tilsvarende.

**Innspel til regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014 – 2023**

Kommunestyret har gjort vedtak om å stille seg bak HAFS regionsråd, Kystvegen Ålesund – Bergen og interesseutvalet for Førde Lufthamn sine uttalar til Regional transportplan.

Utover desse kjem Fjaler kommune blant anna med følgjande innspel:

- Fv.57 Dale - Storehaug med bru over Svesundet
- Gang og sykkelveg fv 57 Dingemoen - Håland
- Opprusting av fv. 61 Hellevik – Våge

### **Kommuneplan – Samfunnsdelen med handlingsdel**

har vore utlagt til offentleg ettersyn i tida 16.10.13 – 27.11.13. Du kan følgje kommuneplanarbeidet på kommunen sine heimesider.

### **Fjaler no**

Formannskapet har løyvt kr 37 500 frå tilleggsløyvingsposten til informasjonsavisa Fjaler no.

### **Irene Øen og Karl Idar Gjestad**

har, med heimel i §19-2 i Plan- og bygningslova, fått dispensasjon frå regulert byggjegrænse. Det er vidare gitt dispensasjon frå kravet til maksimal gesimshøgde i gjeldande reguleringsplan. Med heimel i §20-1, jmf §21-4 er det gitt rammeløyve til oppføring av nytt bustadhus på gbnr 65/172 i samsvar med søknaden.

### **Bustadtomt på Borthheim**

Det er gjeve dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen og bygge- og deleforbodet i strandsona til deling av bustadtomt frå gbnr 44/1. Dette i samsvar med plan- og bygningslova. Villkår for løyvet er at tomta vert trekt om lag 35 meter frå sjølina og plassert ovanfor knausen som ligg midt i omsøkte tomteplassing. Grunngeving for løyvet er å styrke fast busetnad i området.

### **Gulating Bryggeri AS og Hellevik Handel AS**

har fått løyve til sal av alkoholhaldig drikke med alkoholinnhald inntil 4,75 volumprosent for perioden 08.10.13 – 30.06.16. Styrar og varastyrar ved Hellevik Handel AS må avleggje og bestå kunnskapsprøva før 31.12.13.

### **Løyving til mellombels bustader**

Kommunestyret har løyvt inntil kr 800 000 til tilrettelegging av to mellombels bustader. Løyvinga skal dekkast med lånefinansiering. Rådmannen har fått løve til å følgje opp vedtaket.

### **Sunnfjord Energi AS – Aksjar**

Til kommunestyret sitt møte 11. november låg føre framlegg om å greie ut eit mogeleg sal av aksjar i selskapet. Kommunestyret sa nei til utgreiing av mogeleg sal.

### **Tertialrapport for 2. tertial**

Kommunestyret har vedteke budsjettering og teke rapporten til orientering. Budsjettet til einingane vart ikkje justert. Einingane skal iverksetje tiltak for å leggje fram ein årsrekneskap i balanse for sitt ansvarsområde.

### **Måldokument for forvaltning av hjort i Fjaler**

for perioden 2013 – 2016 er vedteke av kommunestyret. Vil du lese meir? Sjå kommunen sine heimesider, K-sak 049/13.

### **Reguleringsplan for Lutelandet.**

**Detaljregulering – industriområde**  
I samsvar med plan- og bygningslova har kommunestyret vedteke detaljregulering for Lutelandet med visse endringar i framlegget til plan. Sjå K-sak 061/13 på kommunen sine heimesider om du er interessert i heile saka.

### **Runar Alnes,**

Ålesund, har fått løyve til å bygge 1065 m landbruksveg kl 7, Baselvegen, på gbnr 232/1. Det er sett visse vilkår til løyvet, m.a. at arbeidet skal vere ferdig innan 01.12.16, elles fell løyvet bort.

### **Strand Resort AS,**

Hønefoss, har fått konsesjon på overtaking av gbnr 56/2 og 4 for ein kjøpesum på kr 800 000 på følgjande vilkår: For jordbruksareal som ikkje vert nytta til anna næringsverksemd enn jordbruk, vert det driveplikt etter jordlova

§8. Eigiar er Oddvar Røysi, Hønefoss. Kommunalsjef landbruk har fatta vedtaket med heimel i konsesjonslova.

### **Støtte til dei kriseråka på Filippinane**

Formannskapet har løyvt kr 5000 gjennom Norges Røde Kors.

### **Prosjekt forvaltning av hjortebestand i Sogn og Fjordane 2013-2017**

Kommunalsjef landbruk har gjeve inntil kr 25 000 i løyving til deltaking i prosjektet i 2013, der det m.a. skal utarbeidast kart som syner hjortestamma sin områdebruk i Fjaler og tilgrensande områder. Bestandskarta gjev kunnskapsgrunnlaget for framtidig utarbeiding av bestandsplanar for forvaltning av hjort. Tilskotet vert gjeve med fylgjande atterhald:

- Deltaking i 2014 og seinare år, føreset at Fjaler kommune har tilstrekkeleg med midlar på viltfondet til å prioritere vidare deltaking i prosjektet. I denne samanhengen vil Fjaler i 2014 også søkje Fylkeskommunen om midlar for å dekke delar av kostnaden knytt til deltaking.
- Sluttrapport for prosjektet skal innehalde rekneskap. Eventuelle unytta midlar, skal tilbakeførast til kommunen sitt viltfond.

### **Leiv Arne Nistad**

Kommunalsjef landbruk rår til at Nistad får kr 114 900 i tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Det er fylkesmannen som skal gjere endeleg vedtak.

### **Finn Atle Leirpoll,**

Flekke, har fått dispensasjon frå kommuneplanen til frådeling av bustadtomt frå gbnr 92/2. Området skal nytast som tilleggsareal til bustadtomt, gbnr 92/31. Det er sett krav om at tomtene skal samanføyast når delinga er gjennomført. Kjøpar er Stor-Sten II AS. Vedtak er gjort etter jordlova og plan- og bygningslova.

**Rolf Kjøsnes**

har fått avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen og bygging- og deleforbodet i strandsona til frådeling frå gbnr 24/14 til Anders Langeland, som vil knyte det nye arealet til eksisterande gbnr 24/86. Grunngevinga er at frådelinga ikkje oppfyller krava. Ei frådeling kan på sikt føre til ei ytterlegare privatisering av strandsona i området og skape presedens for liknande saker.

**Else K. Hauge**

har fått løyve til deling av bustadtomt frå gbnr 24/18 i samsvar med plan- og bygningslova. Søknaden gjeld frådeling rundt eksisterande bustadhus og fører ikkje til endra bruk av området.

**Einar Nybø**

har fått løyve i samsvar med plan- og bygningslova til deling av bustadtomt frå gbnr 50/6. Søknaden gjeld frådeling rundt eksisterande bustadhus og medfører ikkje endra bruk av området.

**SMIL-midlar**

Kommunalsjef landbruk har, på visse vilkår, gjeve tilskot til følgjande:

- Joar Espedal, inntil kr 48 000 til restaurering av 110 år gammal løe med med særpreg på gbnr 100/4,5
- Gjertrud Eikevik, inntil kr 25 000 til opprusting av eldhus, løe m.m. på gbnr 101/5,8
- Gunnar Huseklepp, inntil kr 94 500 til restaurering av sperrestova på gbnr 115/4

Barthold Vonen og Kåre Hauge har fått avslag på sine søknader på grunn av prioriteringar i tiltaksstrategien, høg søknadspågang av avgrensa økonomiske rammer.

**Øystein Ryningen,**

Guddal, har fått godkjent plan for fjering av 13 m steingjerde på gbnr 135/5 Hovlandsdal. Vedtaket er gjort av kommunalsjef landbruk.

**Terje Gallefoss,**

Blomsterdalen, har, med heimel i konsesjonslova, fått konsesjon for overtaking av gbnr 126/9 til fritidsbustad – kjøpesum kr 50 000. Seljar er Mary Ninni Steinsvik Gallefoss, Søreidgrend.

**Per Nistad**

Kommunalsjef landbruk rår til at Nistad får kr 71 700 i tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Fylkesmannen gjer endeleg vedtak.

**Jan Sigurd Kalstad,**

Guddal, har fått løyve til frådeling av ca 800 m<sup>2</sup> areal med påståande bygning på gbnr 117/3. Kjøpar er Willy Hansen, Rådal. Vedtaket er gjort med heimel i jordlova.

**Aslaug Skadal,**

Dale, har, på nærare vilkår, fått løyve til å planere om lag 13 daa fulldyrka mark/uproduktiv skogsmark på gbnr 77/11. Skadal har vidare fått løyve til oppdyrking av kantsone, flytting av bakkemur og fjerning av steingjerde. Tiltaket skal vere sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve. Vedtaket er gjort av kommunalsjef landbruk.

**Felles utviklingsorganisasjon i HAFS**

Formannskapet er positive til å gå vidare med arbeidet for etablering av ein felles utviklingsorganisasjon i HAFS slik det går fram av ein forstudie. Sjå kommunen sine heimesider, K-sak 087/13.

**Yngve Åsnes,**

Straumsnes, har, på visse vilkår, fått løyve og dispensasjon etter plan- og bygningslova til frådeling av bustadtomt frå gbnr 32/5. Kjøpar er Rune Tømmerbakk, Straumsnes.

**Åge Stenseth,**

Dale, har, på nærare fastsette vilkår, fått løyve til å byggje 40 m ny landbruksveg kl 8, veg til Storelva, på gbnr 67/1. Det er kommunalsjef landbruk

som har gjort vedtaket.

**Jarle Skaar Langeland,**

har fått løyve til frådeling av fritidstomt frå gbnr 125/1. Vilkår for løyvet er at den nye eigedommen vert sikra tinglyst vegrett. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova.

**Geir-Atle Hovlandsdal,**

Guddal, har fått godkjent plan for nydyrking av 6,4 daa innmarksbeite fordelt på to teigar på gbnr 135/4,5. Han har også fått løyve til planering av flaumløp og moldtak. Vedtaket er gjort av kommunalsjef landbruk.

**Geir Sande**

Kommunalsjef landbruk rår til at Sande får 60% tilskot avgrensa til kr 180 000 til bygging av Bårdslivegen på gbnr 103/1.

**Nelly Vassliås**

har fått løyve til utlegging av flytebrygge med landgang på gbnr 39/1 på Elde i Flekkefjorden. Det er sett visse vilkår til løyvet, som er gjort i medhald av plan- og bygningslova.

**Adolf og Aud Håvåg**

har, på nærare fastsette vilkår, fått løyve til frådeling av bustadtomt på gbnr 278/5. Vedtaket er gjort etter plan- og bygningslova.

**Margunn Skadal**

har fått løyve til deling av grunneigedom gbnr 71/9. Justering av grense mellom gbnr 71/9 og 71/1. Området skal nyttast som tilleggsareal til bustadtomt på gbnr 71/11. Det er sett krav om at tomtene skal samanføyast til ei tomt etter at delinga er gjennomført.

Returadresse: Fjaler kommune, pb 54, 6961 Dale i Sunnfjord

## VIKTIGE TELEFONNUMMER:

FJALER LEGEKONTOR..... 57 73 81 80  
 ØYEBLIKKELEG LEGEHJELP..... 57 73 81 90  
 SYS INTERKOMMUNALE LEGEVAKT..... 57 73 81 90

ALARMTELEFON FOR BARN OG UNGE ..... 116 111  
 Blir du utsett for vald og overgrep? Eller rusar dei vaksne seg? Du kan ringe gratis og vi hjelper deg. Ring òg dersom du trur nokon har det slik

OVERGREPSMOTTAKET FOR SOGN OG FJORDANE  
 Førde sentralsjukehus..... 57 83 90 00

SMISO..... 800 57 000  
 Støttesenter for incest og seksuelle overgrep

KRISESENTERET ..... 57 74 36 00  
 Døgnvakt. Opplever du fysisk eller psykisk mishandling frå ektefelle, kjæraste, partner, born, foreldre eller andre som du har nær relasjon til? Krisesenteret kan hjelpe deg.  
[www.krisesenteret.sj.no](http://www.krisesenteret.sj.no)

RUSETTERVERNET I SOGN OG FJORDANE  
[www.rusettervernet.no](http://www.rusettervernet.no)  
 Fylkessekretær tlf. 948 34 493 Styreleiar tlf. 415 07 533  
 Redningsvesten etterverngruppe tlf. 975 89 795  
 Redningsplanken pårørande gruppe tlf. 906 92 667

SØRVIKSKONTORET, FJALER KOMMUNE ..... 57 73 80 00  
 Ope 08.00 – 15.00 frå 15. mai – 14. september

TEKNISK VAKT, FJALER KOMMUNE, døgnvakt 95 18 35 15

SKATT VEST Ope 09.00–15.00..... 800 80 000

NAV Fjaler, Ope 09.00–15.00 ..... 55 55 33 33  
 Europeisk helsetrygdekort kan bestillast på [www.helfo.no](http://www.helfo.no)

## Kva skjer?

På nettsida til Fjaler kommune finn du ein oversiktleg kulturkalender der mykje vert henta frå origosona for Fjaler.

Legg inn arrangement sjølv på origo, då har du styringa om noko skal endrast og det rette kjem i Firda.

Ta kontakt med Frivilligsentralen om du treng hjelp!



17.12. ca kl 16.30

Julekonsert med Dale musikkorps på sjukeheimen i Dale.

17.12. kl 19.30 Den store julekonserten i Dale kyrkje med mellom anna Cantus, Dekor, Dale musikkorps, Dalsfjorden spelemannslag, Lagopus, elevar og lærarar frå kulturskulen og kantor Mark Taylor.

19.12. Juletreffest kl 18.00 på Våge skule.

19.12. kl 19.00 – 23.00. Juleball på Fjaler ungdomsskule.  
 Julemiddag - program - dans for alle elevane og lærarane.

24.12. kl 13.30 Gudsteneste i Guddal kyrkje. Familiecoret deltek.

24.12. kl 13.30 Gudsteneste i Hellevik bedehusapell. Forsongarar frå Da Re Mi.

24.12. kl 15.00 Gudsteneste i Folkestad bedehusapell. Forsongarar frå Da Re Mi.

24.12. kl 16.00 Gudsteneste i Dale kyrkje. Barnekoret deltek.

25.12. kl 12.00 Høgtidsgudsteneste i Dale kyrkje. Cantus og Dale Musikkorps deltek. Kyrkjesyss frå Straumsnes.

26.12. kl 11.00 Gudsteneste på Fjaler sjukeheim, Dale.

26.12. kl 11.00 Gudsteneste i Folkestad bedehusapell. Egil Furenes deltek med hardingfele.

27.12. kl. 22.00–02.00 Framhug ungdomslag arrangerer ungdomsfest på Grytøyra.

29.12. kl.17.00 Juletreffest på Ljosheim. Laurdagsklubben deltek med julespel.

29.12. kl 15.00 Den årlege 5. juledagsfest i Straumsnes grendahus. Underhaldning med program, gang rundt juletre etter tradisjonelle julesongar, kaffi, brus og julebakst. Så kan det jo hende at julenissen tek turen innom :-)

29.12. kl 20.00 Romsjulsbingo på Yndestad Gard. Arr: Guddal ungdomslag.

31.12. kl 15.00 Gudsteneste i Guddal kyrkje. Store frå Familiecoret deltek.

31.12. kl 17.00 Gudsteneste i Dale kyrkje. Ungdomskoret deltek.

04.01. Fjaler pensjonistlag inviterer til juletreffest på Yndestad gard med god mat, gange om juletre og lokale programinnslag. Buss frå Folkestad kl. 14.00, Straumsnes kl. 14.40 og Dale kl. 15.10. Juletreffesten er open for alle som vil vere med.

## FRÅ BUTIKKNEMNDA:

Sundagsope 15. og 22. desember 14 – 18

Frå måndag 16. desember har butikkar i Dale ope:

Kvardagar 9 – 20

Laurdagar 9 – 18

Julaftan 9 – 12 Coop og Kiwi 9 – 13

Ramjula og nyttårsaftan: 10 – 15 Coop og Kiwi vanleg opningstid

Siste oppdatering på julearrangement på:

[www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no) - «Kva skjer?»